

Fjordvegen Rute 13

REFERAT FRÅ MØTA UNDER STYRETUR 11. - 12.10.2016



Dag 1, 11.10.16

Deltakarar frå Fjordvegen Rute 13, styre og administrasjon: Gerd Helen Bø - styreleiar Suldal, Bjørn Laugaland - Hjelmeland (t.o.m. Sand), Sigbjørn Hauge – Voss (t.o.m. Voss), Morten Midlang - Vik, Arne Bergsvåg – Rogaland fylkeskommune (f.o.m. Tyssedal). Jostein Eitrheim - dagleg leiar og Hanne Sundbø - konsulent (ref.).

Mål med turen og møta vist i invitasjonsbrev:

Møta har som formål å betra styret sin kunnskap om vegen, regionen og medlemmene sitt syn på viktige spørsmål og problemstillingar knytta til temaet. I tillegg ønskjer styret å få presentera for medlemmene kva oppgåver selskapet arbeider med.

På alle møte:

1. Presentasjon av Fjordvegen Rute 13 v/styreleiar Gerd Helen Bø.
2. Prioriteringar i Fjordveg-arbeidet framover
 - NTP 2018 – 2029 : selskapet si vedtatte prioriteringsliste, høyringsfråsegn, samt vidare arbeid fram til juni 2017. Nært føreståande informasjonsmøte om Brattlandsdal-analysen.
 - Reiselivet i Fjordveg-regionen etter opning av Ryfast i 2019: frå dialogkonferansen 14.9.16 med fokus kollektivtransport).
3. Dialog vedr aktuelle tema knytta til utvikling av Fjordvegregionen og Rv 13, årskonferansen 2017: innspel.

Sandnes kommune, rådhuset

Møtt: Stanley Wirak - ordførar, Tor Magne Seland - gruppeleiar i Høgre, dir. Kristin Barvik for rådmannen og Nina O. Høiland næringssjef.

Wirak: Fokus for Sandnes i høve Fjordvegen Rute 13: ønskjer å vera aktivt med og ha ein positiv dialog. Hovudfokus: reiselivet og potensialet tilknytta Lysefjorden med rundturer. Sandnes del av reiselivet og utviklinga av dette vidare på vestlandet. Rundtur med bil i fokus. Premiss: støtte frå Fjordvegen til at ferjeleiet på Lauvvik blir oppretthalde etter 2019 med tanke på Lysefjordferja mm og beredskap. Ikke nødvendigvis som offentleg eigd kai.

Høiland: høyringsfrist i sak ferjekaier i Rogaland i november. Saksdokument blir oversendt Fjordvegen.

Svar: Fjordvegen tek innspel med og avventar å motta sak ferjekai.

Stavanger kommune

Møtt: Gunn-Jorunn Aasland, kommunaldirektør for kultur og byutvikling.

Stavanger som nytt kommunemedlem frå august 2015 vil frå Fjordvegen få eit anna fokus enn dei andre medlemma som kjenner og har vore med å utvikla selskapet.

Aasland viste presentasjon av Ryfast-prosjektet med fakta.

Stavanger har fokus på regionforstørring pga framtidig redusert reisetid og har regionalt samarbeide som hovudgrep.

Fjordvegen på sin side ønskjer støtte til fremjing av gul midtstripe samt rassikring i høve NTP for heile Rv13.

Eitrheim: For reiselivet har Stavanger lufthavn og byen som heilskap viktig rolle som innfallsport, særleg etter opning av Ryfast.

Konklusjon: Tema-/drøftingsmøte i nær framtid mellom Fjordvegen og politisk nivå v/Kommunalutvalet er naturleg.

Hjelmeland

Møtt: Irene Heng Lauvsnes - ordførar Strand, Per Magne Gabrielsen - Marine Harvest, Torborg Kleppa - adm, Hjelmeland kommune, Geir Ims - Ryfylke IKS/Ryfylkefondet, Leif Magne Kleppa - Stiftelsen Prekestolen, Kjell Apeland - leiar i ressursgruppe Ryfylke i Næringsforeningen i Stavangerregionen/Hjelmeland formannskap (H).

Innspel:

Lauvsnes: Finn betre slagord for Fjordveg-forbetringar for betra gjennomslag. Kontakt utrykningsetatar og hør deira argument.

Bra med arenaer for møte med beslutningstakrar som t.d. årskonferansen. Stil høgt for neste årskonferanse! Tema: Veg som strategisk verkemiddel i næringsutviklinga.

Bør sondere etter nye medlem i sør: Gjesdal, Bjerkreim kopla opp mot Frafjordtunnelsatsing. Strand med Jørpeland som regionsenter ønskjer Frafjordtunnelen.

L. M. Kleppa: Frafjordtunnelen og Fjordvegen sitt syn, viktig sak for framtidig reiselivsutvikling.

Næringslivet kan hjelpe til med å få Forsand inn som medlem igjen.

Apeland: Årdalstunnelen er pri 1 for ressursgruppe Ryfylke.

Reiseliv er bra for å skape levande samfunn og betra tilbod til alle.

Gabrielsen: Rv 13 via Røldal/Haukeli er viktig transportåre for ferskvare som gods, men må betrast (Brattlandsdalen).

Rekruttering av personale og viktig frå nord. Bru over Jøsenfjorden må holdast varm og prioriterast opp.

Få med fleire tunge næringaktørar (Grieg Seafood)

T. Kleppa: Tenk langsiktig i arealplanlegginga m.o.t. Jøsenfast.

Lauvsnes: Mjuke trafikkantar sine behov no og etter opning av Ryfast: gang/sykkelveg Tau – Jørpeland må inn på selskapet si pri-liste.

Kollektivperspektivet er viktig framover! Behov for gode rutetilbod mellom alle tettstader. (Reiselivet i Fjordveg-regionen etter Ryfast)

Omlegging/innkorting av vegtrase frå Solbakk og aust for Tau mot Bjørheimsbygd må in i pri-lista.

Svar:

Jøsenfast: Fjordvegen må vita om tyngda i lokalt engasjement.

Fjordvegen har støtta Frafjordtunnelen, og er også positiv til drift av private ferjer.

Frafjord er pr no fylkeskommunalt ansvar, og Forsand kommune er ikkje medlem lenger.

Fjordvegen vil ta innspela med vidare og meina noko når Rogaland fylkeskommune spelar sak ut. Næringslivsstøtte for å få med nye medlemmer i sør samt Forsand inn igjen er positivt.

Pri-lista til selskapet er mykje lengre enn punkta i uttalen til revisjon av NTP.

Reiselivet: Kollektiv-temaet vil bli halde varmt, Hordaland fylkeskommune viser mest interesse i utgongspunktet for å ta temaet fylkesovergripande, heilårs kollektive ruter vidare.

Sand:

Møtt: Asle Rafdal - varaordførar i Sauda, Øyvind Valen - rådmann i Suldal. Olav Lindseth - leiar i Suldal næringsforening.

Lindseth: Pri 1 for næringsforeninga er Rødsliane, pri 2 er utbetringane i Brattlandsdalen, inklusiv tunnel v/Øvre Lonovatn og pri 3 er Årdalstunnelen.

Trendar i marknaden som gjev utvikling av heilårs reiseliv er stadig viktigare som argument for rassikring.

Valen: Arbeidsmarknadsomsyn: Nesflaten – Røldal viktig for Øvre Suldal. Nasjonal turistveg og arkitekturrunden er kommunen innstilt på å støtta økonomisk.

Kollektivt fungerer kun hurtigbåtruta Sand – Stavanger, store manglar for veg.

Korleis jobbar Fjordvegen, er det naturleg med meir felles aktivitet med andre vegselskap?

Rafdal: Fjordvegen er positivt for Sauda, sjølv utan del av RV 13. Sandsfjord bru har endra reisemønsteret for Saudabuen til Stavanger, større bruk av rv 13.

Nasjonal turistveg Ryfylke med Allmannajuvet er sentralt for deira reiselivssatsing. Arkitekt Zumthor trekk eit kresent og betalingsviljig publikum.

Tunnel Sauda – Etne er ønskt, men for kostbart.

Svar:

Integriteten til selskapet og styret må ivaretakast i høve vurdering av nye engasjement.

Andre vegselskap har ein kontakt med, men ikkje felles aktivitet då det er mange konfliktar om traseaval aust – vest innad i regionane.

Fjordvegen tek med seg innspela vidare.

Tyssedal

Møtt: Solfrid Borge – ordførar i Ullensvang/2. vara i Fjordvegen-styret/Hardangerbrua AS, Amund Velure og Sigrid Utne - formannskaps-medlemmer i Ullensvang, Linda Haugland Jondahl, varaordf. Odda, John Opdal – nestleiar i Fjordvegen/formannskapet Odda, Eivind Tokheim - formannskapsmedlem i Odda.

Innspel:

Borge: Hald på prioriteringane frå Fjordvegen uavhengig av kommunereformen.

Statsbudsjettet: Delar kan vera muleg å tolka positivt: oppfylling av forventning Joberget – Dealdo samt strekk før Vikafjellet, elles lite positivt.

Turistvegane: Vitaliser stoppeplassane.

For neste årskonferanse: Stil høgt, få inn statsråden. Sjekk kollisjonar med større arrangørar som KS og KLP.

Opdahl: Bra med felles Fjordveg-uttalen over 3 fylke. Oddadalen ei stor utfordring, både ras- og flomsikring. Reguleringsplanar blir fort forelda.

Svar:

6 mill kr til utbetring i Brattlandsdalen held kun til betring av møteplassar og merking.

Fjordvegen ønskjer fleire næringsmedlem frå Hardanger og hjelp til å påverka til dette.

Fjordvegen skal halda på ein identitet som samlande organ for overordna prioriteringar

Rv 13 må nok leva med at hovudsakleg mindre stykke blir utbetra kvar gong.

Fjordvegen må saman med lokale krefter finna sentrale politikarar å jobba mot samstrettidspunkt.

Inviter nokre få inn til vår region, H, Frp + støttepartia. Lokale parti-leiarar i desse partia må invitera dei inn.

Påminning: NTP-forslaget no gjeld lang periode.

Dag 2, 12.10.2016

Synfaring frå bussen Tyssedal – Hardangerbrua med ordførar Solfrid Borge.

Voss

Møtt: Nils T. Bjørke, leiar i hovudutval miljø og samferdsel, Hordaland fylkeskommune, Anved Johan Tveit - ordførar Eidfjord, Håkon Rasmussen – fylkesdir. samferdsel Hordaland fylkeskommune. Sigbjørn Hauge, varaordf Voss/styremedlem.

Innspel/drøfting:

Bjørke: Fjordvegen er viktig veg, framleis mykje å ta fatt i. Etter opning av Ryfast vil vegen få stor effekt. Kan bli dramatisk etter opninga viss vegstandarden framleis er på dagens dårlige nivå med mange flaskehalsar og fokus samstundes kun er på Rogfast frå sentrale strøk.

Fjordvegen må sortera i argumenta for å nå fram.

Bergsvåg: for Fjordvegen er Brattlandsdalen viktig, fersk fagleg analyse av forbettingspunkt og kostnadsoverslag blir lagt fram 26.10. på informasjonsmøte på Nesflaten. Rogaland og Hordaland fylke må samsnakkast.

Eitrheim: Nyttetrafikken finn mest hensiktssmessige reiserute uansett, rv 13 blir allereie vald for ruta frå sør mot Oslo. Den little løyvinga på 6. mill kr før i år rekk berre til nokre få trafikkale punkt, ikkje til start på reell rassikring.

Midlang: Statsbudsjettet og løyvinga til Kvassdalen er kanskje implisitt ein start på Vikafjellstunnelen.

Tveit: Vegvesenet sine normalar set for strenge krav til standard for å oppnå gul midtstripe.

Hauge: Utbyggingsplanane med 3000 nye einingar i Myrkdalen vil gje utfordringar.

Strekket Voss - Vinje er enno utan gul midtstripe.

Voss har jobba for Vikafjellstunnelen, manglar berre ein enkel reguleringsplan i Kvassdalen.

Rasmussen: Rv 13 har mange funksjonar utfrå kor ein er, få reisande nytta heile vegen. Sjå målkonfliktane og finn argument for kvart prosjekt som Fjordvegen prioriterer.

I Brattlandsdalen må me ta strategidrøftinga og prioritera.

Reiseliv:

Tveit: Spel på lag med dei store innfallsportane Bergen og Stavanger. Nasjonal turistveg Hardanger har store utbyggingar som pågår og stort potensiale.

Bergsvåg: Rassikring viktig med tanke på auke i heilårstrafikk i reiselivet, nye trendar.

Tre turistvegar langs Fjordvegen er samlande og stor trafikkauke kan ventast, Rogaland ønskjer å sjå heilskapen, inklusive Vikafjellet. Visjonen om det store potensialet må me halda oppe.

Midlang: Bussruta som har gått over Vikafjellet frå 1957 blir avslutta f.o.m. 1.11.

Fjordvegen tek innspela med seg vidare.

Vik

Møtt: Jenny Følling, fylkesordførar Sogn & Fjordane, Helen Gjertaas – nestleiar i samferdselsutvalet i Sogn & Fjordane, Dina Lefdal – samferdseldirektør Sogn & Fjordane fylke, Olav Turvoll – ordførar Vik, Aud Marit Berge - formannskapet Vik, Oddbjørn Ese - rådmann i Vik, Arnstein Menes – formannskapet i Balestrand/fylkessamferdselsutvalet i Sogn & Fjordane/styremedlem i Fjordvegen, Åslaug Stadheim Ese – nestleiar i Vik Nærings-samskipnad.

Spørsmål:

Følling: Tek Fjordvegen standpunkt for traseaval aust – vest?

Svar: nei

Følling: Fjord Norge, kva tilhøve har me til dei?

Svar: Samarbeide med Fjord Norge, ikkje konkurranse. Dei lokale destinasjonsselskap er likevel viktigast, også i utviklinga av kollektive løysingar, dei er nærmast brukarane og næringslivet. Fjord Norge bidreg med trendanalysar, fakta og faglege innspel.

Gjertaas: Har Fjordvegen kontakt med Nasjonal rassikringsgruppe?

Svar: Ja, hyppig med leiar Åshild Kjelsnes for samordning av utspel og konferanse-arrangement samd dei to andre erfarne representantane frå våre medlemsfylke.

Innspel:

Turvoll: Vik er svært takksame for Fjordvegen si topp-prioritering av Vikafjellstunnelen i uttalen til NTP. Lokalt blir det no organisert og laga informasjonsmateriell. Ein svært stor jobb er gjort på reguleringssida lokalt.

Menes: Balestrand drøftar medlemskapen sin. Trekantsambandet Dragsvik – Hella - Vangnes må fokuserast av Fjordvegen, samt utbetring Dragsvik – Moskog (fylkesveg)

Beredskap og omkjøringsveg må takast med som argument.

Nasjonal turistveg og Utsikten er svært viktig for Balestrand.

Kutt i budsjetta i Sogn & Fjordane fylkeskommune er dramatiske.

Følling: Brei alliansebygging må til samt samla prioritering som Fjordvegen har gjort.

Eitrheim: Vist ein ekstra presentasjon av Ryfast-prosjektet frå Stavanger kommune. Belyst viktigkeit av denne utbygginga og mulegheitene for heile Fjordveg-regionen.

Ver obs på at ÅDT endrar seg, me må følgja opp enkeltprosjekt når nye tal kjem (erfaring frå Hardangerbrua).

Reiseliv:

Bergsvåg: FRAM Møre & Romsdal har vist ein god modell utprøvd i 2016 for fylkesdriven kollektivtrafikk (buss – tog – båt) veleigna for turistar, suksess frå førsesesong. Førebels svært positiv oppsummering med sansynleg stor overføringsverdi vart vist på Dialogkonferansen til Fjordvegen 14.9. FRAM kan og bidra vidare.

Fjordvegen vil vera pådrivar for å få til ei løysing over tre fylke, Hordaland fylkeskommune v/direktør næring har signalisert å kunne vera aktuell initiativtakar for eit arbeid over fylkesgrensene. 1-2 avgongar pr dag kunne vera ein start.

Kollektivruter kan ikkje gå i pluss, sjølv i større byar går slikt i minus. Heller tenka samfunnsrekneskap.

Midlang: Bussruta Voss – Odda går bra, godt døme.

Fjordvegen tek innspela med seg vidare.

Hanne Sundbø
referent